

STAMNES POSTOPNERI

Arve Rødland

Arve Rødland, Stanghelle, heldt fram omtalen om dei ulike postopneria i kommunen. I tida med nedlegging av postkontor er det viktig å ta vare på historia ikring desse.

STAMNES

Stamnesbygda var den fyrste staden i Bruvik kommune som fekk eige postkontor. Stamnes postopneri, som det den gongen heitte, vart oppretta 15. september 1883.

I «Kunngjøringa», sirkulære nr. 19, 28. august 1883 stod det : «Stamnæs Poståpneri i annex til Brudvig prestegjeld Nordhordland fogderi under Bergen postkontor, blev inntil V. underholdt fra 1/9 1883».

I 1889, frå poststedsfortegnelsen vart namnet endra til Stamnes. Sjølv om namnet vart endra, brukte dei det stampelet med Stamnæs til langt inn i neste århundre.

Eg har sjølv fleire avtrykk av «Stamnæs» frå 1910-1911. Stempelet kan ha vore i bruk etter det.


Då stempelet vart retta til Stamnes, vart det brukt fram til 1. april 1930. Då vart namnet endra til Stamneshella. Og 1. november 1992, vart namnet endra attende til Stamnes.

Totalt har det vore i bruk 15 ulike stempel sidan postkontoret kom på Stamnes.

Frå 1. mai 1971 vart postopneriet lagt under Voss postområde, og med etableringa av dei nye poststad gruppene vart postopneriet frå 1973-74, kalla underpostkontor. Det fekk seinare status som postkontor C.

Då vegen til Stamnes vart ferdig, overtok rutebilane postframføringa, frå Dale stasjon. Før den tid vart posten sendt frå Bergen med m.a. dampbåtane «Arne» og «Ole Bull». I byrjinga hadde dei fast rute to gonger i veka. Seinare kom dei oftare.

Den fyrste som var postopnar ved Stamnes postopneri var sersjant Ole Knutsen Dyvik (1853-1935). Han var 30 år då han tok til i stillinga. Han sat fram til Knut Dyvik jr. overtok 15. mars 1923. Jacob Østrem Dyvik overtok 1. juni 1948.



Poststempel som er brukt på Stamnes i perioden frå 1883 og fram til 1996.

Utlånt av Arve Rødland

Han var postopnar til Else Borghild Dyvik, vart fast ansatt 1. september 1959. No er det Jan Egil Dyvik som innehar stillinga.

For å illustrere litt av lønsutviklinga, tek eg med dei fyrste kjende årlege postopnar-lønene.

	1883	1890	1895	1902	1907	1910	1913	1914	1917
kr.	40,-	100,-	150,-	200,-	250,-	400,-	450,-	500,-	600,-